

Til
Kim Vevik
Kaldestadvegen 21/Prestnesvegen 71
5460 Husnes

Gardsnr. 147 brnr. 19 Prestnesvegen 71

Kvinnherad kommune	
07 NOV. 2025	
Saksnr.: 25/8231	U.off.:
Saksbehandler: Stine	Kopi:

Frå
Karoline Røssland
Kaldestadvegen 156
5450 Sunde i Sunnhordland

Gardsnr. 147 bruksnr. 05, 28

Kaldestad 03.11.2025.

Merknader til byggeprosjekt til 147/19

Vi er sterkt imot planane til Kim Vevik på gnr, 147/19, då dette per no alt påverkar oss sterkt negativt.

Tiltaket er sett i gang før han har fått tiltaket godkjent/søkt om.

Eg, Ole Bjarthe Røssland, har på vegne av mor mi, Karoline Røssland, ringt til byggesakavdelinga i Kvinnherad kommune, 28.oktober, og bad kommunen koma på staden for å ta eit ei lovlegheitsvurdering av arbeidet som er sett i gang. Mitt/vårt krav er at arbeidet blir stansa til søknad er blitt behandla.

Kim Vevik har teke seg til rette utan å ta kontakt med oss på nabobruket.

Kim Vevik har starta opp utfylling i sjøen. Grensemerke mellom eigedommane er fjerna. Me krev at før eventuelle vidare tiltak, skal desse eigedomsmerka målast opp på ny. Vidare må sektorgrenser ut i sjø avklarast.

Det er liten tvil om at utfyllinga tiltakshavar har starta, har kome inn på vår eigedom. Dette må rettast opp i og eigdommen gnr. 147, bnr. 5,28 tilbakestillast slik den var før.

Vevik har også starta arbeidet med grusing av veg frå den kommunale vegen ved kloakkrenseanlegget, og bort forbi nausthytta si. Grusinga av vegen har ført til at massar frå vegen renn inn til naustvegen vår og at me kjem til å få problem med desse massane.

Det er blitt oppretta eit lovleg tinglyst veglag for området med hjelp frå jordskifteretten. Dette veglaget har ikkje byrja fungera enno. Partane i dette veglaget ventar på ein endeleg godkjent plan for heile området, før veglaget startar opp sitt arbeid. Det er svært negativt at

Kim Vevik skal definera korleis vegen fram til dei ulike parsellane skal utformast, då dette er veglaget sitt ansvar.

Vevik er byrja å meisla og utvida vegen/stien bortetter som ligg på vår eigedom. Me ønskjer berre å forhalda oss til veglaget for området, når det gjeld opparbeiding av veg for området.

Helsing

Karoline Røssland, med fleire

Karoline Røssland

Kjell Sigbjørn Røssland

Kjell Sigbjørn Røssland

Tove Helen Røssland Nupen

Tove Helen Røssland Nupen

Ole Bjarte Røssland

Ole Bjarte Røssland

Kåre Røssland

Kåre Røssland

Aage Røssland

Aage Røssland

Kopi:

Kvinnherad kommune

Byggesakskontoret

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL